

VENNSKAP JERIKO-LÆRDAL (JERIKOLAGET)

ÅRSMELDING 2022

(gjeld frå årsmøtet 3.3.2022 til 1.3.2023)

Styret for Vennskap Jeriko-Lærdal har i 2022 vore slik samansett:

Audun Mo (ordførar, styremedlem)

Jan Geir Solheim (sekretær)

Berit Kaardal (kasserar)

Maritha Tønjum Skjerdal (nestleiar)

Anna Jorunn Avdem (leiar)

vara: Jan Olav Fretland

vara: -

vara: Kari Blåflat

vara: Kristin Bolstad

vara: Ingebjørg Voll

Audun Mo, Jan Geir Solheim og Jan Olav Fretland er valde av Lærdal kommune for perioden 2019–23. Kommunen har enno ikkje valt ny varamedlem etter at Jan Geir Solheim gjekk inn som fast styremedlem. Dei andre styremedlemmene er valde av årsmøtet i Vennskap Jeriko-Lærdal (VJL). Valnemnd er Rein Arne Golf og Olaug Skjerdal, og Lars Øyvind Vikesland er revisor.

Årsmøtet 3. mars 2022 vedtok at Jerikolaget skulle melda oss inn i Fellesutvalget for Palestina (FuP), og på representantskapsmøtet 9. juni 2022 vart vi opptekne som medlemmer. Anna var til stades på møtet. Vennskapsforeiningane Stavanger-Nablus, Sarpsborg-Betlehem, Hamar-Khan Younis og Nes-Jayyous har også meldt seg inn i Fellesutvalget. Det kjennest både rett og godt at vi og fleire av dei andre vennskapsforeiningane no er medlemmer der, slik at vi høyrer til i ein paraplyorganisasjon som arbeider for solidaritet med Palestina.

Årsmøtet i fjor vedtok også at vi skulle satsa på å arrangera ny tur til Jeriko i oktober 2022. Då ville det vera 25 år sidan den aller fyrste turen til Jeriko i 1997, og vi kunne avvikla fyrste delen av 25-årsjubileet. Vi var godt i gang med planlegginga då Anna sist i august vart sjuk og måtte ta livet meir med ro ei tid. Sidan ingen andre i styret såg seg syn med å ta over planlegginga, vart turen difor utsett til våren 2023. Det var såpass uroleg i Palestina at styret bestemte at vi denne gongen ville reisa med ei mindre gruppe, så vi inviterte berre medlemmene i laget med på turen. Invitasjon vart utsend 30. november, og ei gruppe på sju bestemte seg for å reisa: Ordførar Audun Mo, rektor på Lærdalsøyri skule Magne Klepp, sokneprest Gunnar Fagerbakke Eldevik, VJL-medlemmane Marita Eri Mo, Kari Elise Persen, Åsa Bjørndal og VJL-leiar Anna J. Avdem.

Men rundt årsskiftet fekk Israel ei ny og svært høgorientert regjering, og etter det har valden i Palestina auka mykje, også på Vestbreidda. Frå 28. januar var Jeriko beleira i 10 dagar, og den 4. og 6. februar var det to israelske raid inn i flyktningleiren Aqabat Jabr i Jeriko. Hus vart rive, minst 15 vart skadde og fem unge menn vart drepne. Dette skjedde nær Hotel Oasis der vi hadde tinga rom 7-14. mars. Brått var ikkje frededelege Jeriko trygg lenger. I denne dramatiske situasjonen bestemte styret i lag med dei tre reisande som bur i Lærdal å utsetja turen til sikkerheita blir betre. Alt var tinga og måtte avlysast, flybillettane var til og med betalte. I skrivande stund veit vi ikkje om vi kan få att noko av dette utlegget på forsikringa. Det var veldig synd vi måtte avlysa, for det er over tre år sidan vi sist var i Jeriko (november 2019), og vi såg verkeleg fram til gjensyn og jubileumsfeiring. Men med stadige åtak og aukande vald i Palestina var det nok rett å avlysa no. I staden startar vi førebuinga av 25-årsjubileet her i Lærdal og inviterer seks gjester frå Jeriko med ordføraren i spissen til Lærdalsmarknaden i juni.

Det er veldig vondt å høyra om den ustabile og farlege situasjonen som vennene våre i Jeriko må leva med kvar einaste dag. Søndag 5. februar sende ordførar Abdel Kareem Sider i Jeriko ut eit

brev til alle venner av Jeriko rundt om i verda, der han skildrar korleis politikken til den ekstreme regjeringa i Israel rammar alle palestinarane, også i frededelege Jeriko. Omsett til norsk avsluttar han brevet slik:

Denne meldinga er eit rop mot okkupasjon, vald og diskriminering. Brevet vårt er eit rop om human behandling av folk som har lide og framleis lir etter tiår med israelsk okkupasjon, eit rop om vern, fridom, rettferd og for til slutt å ha eit trygt og sikkert heimland.

På bakgrunn av dette brevet bestemde styret å senda framlegg til to fråsegner om situasjonen i Jeriko og elles i Palestina: Anna førte dei i penn, og ei fråsegn vart vedteken i Lærdal kommunestyre 9. februar, og ei anna vart vedteken på landsmøtet til Fellesutvalget for Palestina 11. februar. Den siste vart fremja som eit felles framlegg frå alle vennskapsforeiningane som er medlemmer i FuP, Hamar-Khan Younis, Lærdal-Jeriko, Nes-Jayyous, Sarpsborg-Betlehem og Stavanger-Nablus, og oppmodar m.a. den norske regjeringa om å anerkjenna Palestina som eigen stat.

Også i 2022 er nok største innsatsen til Jerikolaget lagt ned i Jerikobui. Bui har vore open på torsdagane gjennom heile året, og i sommarmånadene var ho open både måndagar og torsdagar. Bui var sjølvsagt også open under Lærdalsmarknaden 18–19. juni, Haustmarknaden 24. september og Julemarknaden 19. november. I dugnadsgjengen er Kristin Bolstad, Mia Hovland, Kari Blåflat, Anne Sofie og Magnar Ljøsne, Marie Pettersson, Gunn Hauge, Ingebjørg Voll, i tillegg til Maritha, Berit og Anna frå styret. Vi takkar alle for trufast innsats! Ikkje minst takkar vi Britt Isdal og Knut Lindstrøm for at vi får nytta det fine butikklokalet. Vi har eit godt samarbeid med naboen Brukthjørna og med vareleverandørane våre. Dei fleste varene kjøper vi gjennom Palestinabutikken Al Quds i Oslo, olivenoljen kjøper vi frå Lifegate Rehabilitation, og broderia frå Kvinnesenteret i Abu Dis har vi i kommisjon frå Signe Marie Breivik.

Jerikolaget sørgjer over to medlemmer og gode støttespelarar som har gått bort dette meldingsåret. Tidlegare ordførar Arne Sanden døydde 18. juli 2022, og Jerikolaget hadde blomehelsing i gravferda i lag med Jeriko kommune og folket i vennskapsbyen. Og den 24. februar 2023 døydde Ove Ingvar Feidje, som også på så mange vis har vore aktiv i vennskapsarbeidet. Vi vil ha tilsvarende felles blomehelsing med vennene i Jeriko i gravferda hans.

Det har vore fem styremøte i meldingsåret, og elles har det vore kontakt mellom styremedlemmene etter behov. Medlemstalet er stabilt, 69 medlemmer (mot 70 i fjor). Ordførar Audun og leiar Anna sende også dette året eit offisielt julebrev til Jeriko, og mange av medlemmene har jamleg kontakt med vennene i Jeriko på Facebook og liknande. Jerikolaget er medeigar i Lærdalsmarknaden og har delteke i valnemnda, på strategimøte o.a. der.

Styret takkar alle for godt samarbeid i året som er gått og håpar optimistisk at 2023 skal gje oss høve til å feire 25-årsjubileet for vennskapen ved både å ta imot sommarbesøk frå Jeriko og å gjennomføra ein hausttur til Jeriko.

Lærdal 1. mars 2023

Styret i Vennskap Jeriko-Lærdal

Anna Jorunn Avdem

